



# KYRKJEBLAD

## FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 8

Desember 1975

29. årg

### Artidens største hending

President Nixon uttala då den fyrste amerikanar steig i land på månen, at det var årtidenes største hending. Den kjende forkynnar Billy Graham skal ha svara: «Årtidenes største hending var ikkje då amerikanarane steig i land på månen, men då Gud steig i land på jorda.»

Då presidenten uttala desse no så kjende orda, var nok mange langt på veg samd med han. Kven fylgde ikkje med på den spanande ferda gjennom verdsrommet? Greide dei det? Ein ofra nattesvevn og arbeidshug for å vera med på TV då dei fyrste menneska sette sine bein på månen. Fantastisk, sa ein. Nixons ord føyde seg naturleg inn i det ein sjølv var med å oppleva.

Nå er fleire år gått. Eg veit ikkje kor mange. Eg hugsar heller ikkje namnet på denne amerikanaren som sto på framsida i alle aviser verda over. I lange tider var det hendinga som gjekk føre alt anna. I dag er my-

kje gløymd av årtidenes største hending. Det har hendt så mykje sidan.

Det er 1975 år sidan Gud sjølv steig i land på jorda i Jesus Kristus. Det er så langt frå gløymd. Kor lenge sidan har me nemndt for kvarandre i snart eit år. Kven som kom skal det syngjast og lesast om i heim og kyrkje over heile jorda i denne tida.

Det er årtidenes største hending. For det er meir enn englesong på Betlehemsmarkene og hyrdingar og vise menn kring ei krybbe. Det er Guds eigen storslagne frelsaraksjon som er innleida. «For ein Frelsar er oss fødd idag» (Luk. 2.11) — «for at kvar den som trur på han ikkje skal verta fortapt, men ha evig liv». (Joh. 3.16.)

Difor er jul meir enn ei fin hending i fortida som me trekkjer fram for å skapa høgtid. Det er ei hending som og peikar på framtida. Advent tyder koine. Meir enn på Jesus som eingong kom. Det går også på Jesus som eingong skal koma att. Når krybba er bytt ut med han som kjem på

den kvite hesten. Når det verjelause barn er bytt med verdsherskaren. Når menneska ikkje samlar seg kring han for å verja han, men søkjer til han for å finna verje. Fyrst då vil englebodskapen om den store gleda verta fullt ut skjønleg. Vår eigen julefeiring vil berre vera eit svak skugge av denne fullkomne gleda.

Men advent er endå meir enn eit kome i fortid og framtid. Det burde ikkje minst vera eit Jesu Kristi kome til oss i dag. Fyrst den som har møtt han i dag, kan sjå fram til å møte han att. Han lyt vera vår i dag for å verta vår i morgon. Men då vert årtidenes største hending også di.

*Magne O. Steinnes.*

## HALLINGDALSBREV

Sumartida kan gi høve til så mangt. Dette året fekk me oss ein tur gjennom Vaksdalsbygdene, til Dale, staden mellom fjella, og ein tur forbi Stamnes — Eidslandet — Eksingedalen og gjennom Bergsdalen. — Ein og annan gamal kjenning såg me på veggen, andre stader vart det berre å nikka attkjennande til heimar og hus og stader der me drog forbi. — Og gamle minne dukka fram, takk til dykk som var med å gi oss dei!

Kjært var det å få delta ei kveldstund med gudsteneste i den vakre Dale-kyrkja. (Ho er vakrare enn de tenkjer over, det er godt å sitja ned til ei andaktsstund der. Kvile for sjel og for tanke).

Som dei fleste av dykk vil kjenna til, vart me 6 år i Afjord, Trøndelag etter me flytte frå Dale. Det var trivelege bygder der og, både med hav og fjell — og trauste folk. Men i fjor kom me hit til Gol, med sitt gode klima. Frisk kjøleg vinter kan det vera — men då er det snø innover store vide fjellvidder. Og sumaren er varm og solrik.

Folket har nok frå gamalt lært å vera nøysomt og arbeidsamt. Det pregar folket enno. Dei har ein vakker,

klingande dialekt. Dei som snakkar han enno. I utkrinsane og stort sett i Hemsedal gjer dei det. Allminsto dei eldre. — Men i sentrum, og blant dei yngre er det blanding med innflyttardialektar. — Og prega av turismen, både sumar og vinter. Ja, mange av dykk har vel bila gjennom Gol sentrum ein fin sumarsdag. Då er det slik me som ungar bruka å seia det: «Her er kjåka fullt».

Gol kyrkje, hovudkyrkja ligg kvit og majestetisk på brynet over bygda. «Kirken på et høyt sted», for å sitera Bjørnson. — Men den vesle brunmalte kyrkja, den finn de lenger nede i dalen.

Hemsedal kommune høyrer også til prestegjeldet. Der ligg Hemsedalkyrkja tett attmed riksvegen mot Sogn. Men i 1971 bygde dei eit fjellkapell inne på Lykkja. Det er den grenda der det er dei mest høgtliggjande gardar i landet, så langt eg veit. Grenda ligg på ca. 930 m. over havet. — Berre 42 menneske soknar til kapellet. Men både vinter og sumar kan det vera over 100 menneske til gudstenester der.

Dei to gutane våre som leika med  
(Framhald side 5)

### KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar: Lars Bjørsvik, 5280 Dalekvam  
Medarbeidarar: Magne O. Steinnes, Johanne  
B. Helle og Magne Hesjedal.  
Kasserar Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik.  
Postgiro nr. 723 47. Bankgiro nr. 103385/123.  
Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.  
Bladpengar kr. 10,— for året.

Ekspd: Skaars Boktrykkeri,  
5601 Norheimsund — tfn. 8.

## Julegåve – Juleevangeliet

No i dagane før Jul, er det mange som har eit problem å strida med. Problemet er dette: Kva skal eg no finna på å gi mine kjære og nære som julegåve i år? Det skulle vera noko som vil gleda dei, og det får våge seg om det vert litt dyrt, for det er no jul bare ein gong om året. Stundom er det vanskeleg å finna på noko som han eller ho som skal få gåva, ikkje alt har før.

Samtidig med dette er det mange som har eit heilt anna problem. Dei har ikkje høyrte om jula, og då sjølv sagt heller ikkje om skikken å gi julegåvor. — Men dei har born som dei ikkje har nok mat å gi, so dei kan halda svolten borte. Dei er glade i bornå sine, og ville nok gjerne kunna gi dei ei gåva for å gleda dei, men i staden for det, må dei høyre at borna gret sårt og bed om mat, og dei må sjå at borna dei elskar, vert meir og meir skinnmagre fordi dei svelt. Der kjem epidemiar som me her hjå oss bare so vidt kjenner namnet på, men som herjar so svært mellom born, for-

di dei er underernært, manglar motstandskraft.

Ingen veit sikkert, men folk som prøver å finna det ut, kjem til det skræmelege resultat at ute i verda dør det kvar dag, omlag 80 tusen born fordi dei får forlite mat, forlite næring!

Kva om me tenkte meir på dette no i denne juletid, og gav ei gåve til hjelp for slike som svelt og manglar alt ved denne juletid? Det er enkelt å gi ei slik gåve. På alle postkontor ligg der giro blankettar. Gironummeret til Kirkens Nødhjelp er nr. 100. Me kan godt senda det som eit personleg takkoffer. For når me tenkjer etter, har me ikkje då mykje å takka for? Og det me sender er med og lindrar naud og smerte. Og at me gjer dette, vil so visst ikkje gi noko skår i vår eiga julegleda. — Tvert imot!

Eit lite barneminne: Det var julaftan om ettermiddagen. Eg var bare småguten. Eit av borna frå ein annan heim kom springande med eit Ny Testamente i handa. Kort etter hadde det like travelt med å koma seg heimatt. — Kva er det? Jau, «I år skal me feira jul heime hjå oss sjølve, og far skal lese om jula, eg skulle spørje kvar det står —» Barnet opna forsiktig Testamentet og viste eit brett. «Her står det» — og borte var barnet. Dei skulle feira jul heime hjå seg sjølve, og juleevangeliet skulle bli lese. La det bli lese i alle heimar denne julekveld! (Lukas kap. 2). Det gjev den rette bakgrunn for ei sann julefeiring!

*God Jul til alle heimar i Vaksdal!  
Gunvar og Lars Bjørsvik.*



## Festreis til Finnmark 1975

Freitag 27. juni starta me frå Bergen med buss. Det var grått og surt vert, men med allsong og godt humør, kom stemningen snart på topp. Det bar over Kvamskogen til Kvanndal og over vidda. Me som ikkje hadde reist Måbødalen, vart opp i under over den særmerkte veldige natura. At noko kunne koma på å lage veg langs den stupbratte fjellsida! Det var godt at det var høgrekjøring, og ein god sjåfør ved rattet.

Etter kvart som me for austetter, letta skylaget og sola titta fram. Seint på kvelden kom me fram til første overnattings-staden som var Fjellhaug ved Oslo. Der var det klår himmel og bitande kaldt.

Etter frukost og andakt, starta me tidleg neste morgon, over Kongsvinger og inn i Sverige, der me overnatta i Søderhamn. Det var so fredelig og stillt i gatene der, endå det var laurdagkveld.

Søndag morgon hadde me strålende ver og fin stemning frå første stund. I bussen fekk med den gledelege melding at me var innbudt til kaffi hjå Aksel Wedin, ein onkel til Lage Wedin. Det blei eit varig minne me fekk i den unelege heimen i Hernø-sand. Etterpå fekk me sjå oss rundt i masipanfabrikken. Der låg sekker med mandlar frå golv til tak. Me måtte vidare, neste overnatting var Wasa Hotell i Umeå. I Wasa hotell var det kapell, og der hadde me andakt. Mektig tona songen, på svensk: «O, Store Gud, når jag ditt verk får skue». Me susa innover gjennom mektige skogar. Men noko fjell — høgt såg me ikkje i Sverige, det var flatt over-

alt. I Rovanjemi i Finland fekk me sjå den store kyrkjegarden etter Finnlandskrigen. Det er uråd å skildra kjenslone våre der me rusla rundt mellom tusentals graver. Det var i 1940, den kalde vinteren, at Finland sende sine staute menn i krigen mot fienden i aust. Minnesmerket var eit kunstverk. Motivet var ein huslyd. Ein gamal far og mor i sorg og smerte. Ved sida, ei stolt ung mor i stille gråt, med vesleguten i handa, budd på å leva vidare for sin vesle son. Helle kyrkjegarden var eit kunstverk i blommar og pynt. Stemningen greip oss.

I Ivalo var siste stopp før me kom over på norsk jord att. Reisemålet vårt var Karasjokk, den samiske folkehøgskulen der. Der stoppa me ein dag, etter fem dagars lang kjøring. Rektor Ryan og frua tok hjarteleg imot oss, og baud oss inn til festmiddag, — fisk dei sjølve hadde drege, lenger inne der dei har hytta. Me vart gåande og rusla utover kvelden, og klokka halv tre skein sola inn gjennom glaset til oss. Me måtte ut og ta bilete. På andre sida av elva låg kyrkjone, ei gamal og ei ny. Gamlekyrkja vart spard då alt var oppbrent under krigen. Prost Framhus som har vore prest der nord ein mannsalder, fortalde. Han var godt kjend med dei samiske tilhøva. Folkehøgskulen var godt utbygd med tilbod for alle interesser. Det var imponerende å sjå. Dei står so visst ikkje attende på noko vis i Finnmark.

Forts. neste nr.

Jenny Bergo.

## Frå kyrkjebøkene

### DØYPTE:

#### DALE:

Kristin Johansen, fødd 21. juli 1975, døypt 2. november 1975.

Geir Arne Solberg, fødd 14. august 1975, døypt 12. oktober.

Tom Erik Solberg, fødd 15. august 1975, døypt 2. november.

#### VAKSDAL:

Kenneth Lie, fødd 22. juli 1975, døypt 31. august.

Anette Hagebø, fødd 22. august 1975, døypt 12. oktober.

Knut Arild Erstad, fødd 9. mai 1975, døypt 26. oktober.

#### EKSINGEDALEN:

Jon Skule Lundestad, fødd 11. september 1975, døypt 26. oktober.

#### VIGDE:

##### DALE:

Svein Haugland og Reidun Kleive-land, vigde i Gulen 25. oktober.

##### VAKSDAL:

John Røsseland, og Anne Karin Hanevik, vigde 15. november 1975.

#### AVLIDNE:

##### DALE:

Odd Tveiterås, fødd 21. des. 1934, døydde 30. sept. 1975, gravlagd 4. okt.

Andreas Arne, fødd 18. nov. 1922, døydde 21. okt. 1975, gravlagd 25. okt.

#### STAMNES:

Maria M. Stien, fødd 25. sept 1900, døydde 1. okt. 1975, gravlagd 7. okt.

#### EKSINGEDALEN:

Gudmund Høvik, fødd 21. juni 1886, døydde 10. aug. 1975, gravlagd 15. aug.

Kari Nygård, fødd 8. novbr. 1898, døydde 9. sept. 1975, gravlagd 16. sept.

## Ny Messehaket

Messehakelen i Nesheim Kyrkja har vore i bruk sidan kyrkja vart vigsla, for omlag 70 år sidan. Den trengte til å bli fornya. Eksingedalen Husmorlag har no gjeve ein ny messehaket til kyrkja. Arbeidet er utført av Ingrid Andreassen, Askøy. Den nye er lik den gamle, og godkjent av Stiftsdireksjonen. Den vart overgjeven til kyrkja, vigsla og teken i bruk ved gudstenesta 23. november.

Me seier Eksingedalen Husmorlag hjarteleg takk for den fine gåva.

## HALLINGDALSBREV

(Framhald frå side 2)

kameratane i Kalvekroken og Hestavollen då me budde på Dale, har blitt vaksne. Og so er det sjølv sagt også med Yngve, Bjørn, Dag, Vigleik, Tone, Marianne og alle dei andre som samlast i «Kompassklubben» eller i sandkassen eller med trebilen. — Barne-tida er forbi og dei kan seia: «Nu takk for alt i fra vi var små —» Trond går på reformgymnaset i Gol. Olav går siste året på ungdomsskulen. — Nokon kyrkjering er her ikkje slik som på Dale, men her er kvinneforeiningar for NMS og andre, der Olga har sin plass. — Prestegarden ligg rett ovanfor kyrkja — om de einkvan gong fer framom —.

Me ynskjer dykk alle det beste me veit: Fred med Gud og kristent frimod. «Gud gav oss ikkje ei ånd som verkar modløysa, men ei som verkar kraft og kjærleik og tukt» seier apostelen. Til det ordet knyter me vår beste helsing til kvar og ein.

Huslyden Einar Tveit.

## Er der barn og unge i din familie

«Sei meg kven du omgås, og eg skal seie deg kven du er.» Dette er eit sant ord. Ein kan og seie: Fortel meg kva du les, og eg skal fortelja deg kven du er. Dette er like sant. Derfor er det so overmåte viktig å hjelpe dei unge med godt lesestoff. Du ynskjer gjerne å gi dei ei julegåve? Gi dei unge eit årsabonnement på ungdomsbladet «NY HORISONT». Gi barna eit abonnement på barnebladet **KOM OG SE**. Blada kan tingast på alle postkontor.

Gledeleg Jul til alle barn og unge!

## Eksingedalen kyrkje, Flatekval

Eksingedalen kyrkje har til no vore utan elektrisk lys og varme, men har no fått dette. Det var svært gilddt å sjå det nye lys og varme anlegget teke i bruk under gudstenesta den 16. november. Kruna på verket er at B.K.K. har gjeve ei vakker lysekrunå til kyrkja.

Me takkar B.K.K. hjarteleg for den vakre gåva.

## Frå kasseraren

Innkome bladpengar 3. kvartal

Magnhild Bjørsvik	kr. 480
Nils Thunestvedt, Stanghelle	> 290
Eksingedalen Sokneråd	> 320
Anders Øye, Stamnes	> 210
Direkte til kasseraren	> 60

Med helsing og takk,  
Ragnar Trohjell  
Kasserar

Hausvik og Faugstad ¼

Vaksdal

Telefon 3603.

Arth. og Arne Vaksdal  
**HANDEL**

Tlf. Dalekvam 2348 — 2161  
Stanghelle — Vaksdal — Dale

Dale Fabrikksalg

5280 Dalekvam  
Telefon Dalekvam 2261  
Tekstilvarer — Sengetøy  
Bomull og ull metervarer  
Strikke- jakker og gensere

Eidsland Samvirkeleg

EIDSLANDET

Filial: Lavik

DALE BILSERVICE

Johannes A. Lid & Co

Tlf. 2193 — Dalekvam

A. L. VATLE

DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvarer  
Frukt og grønnsaker

## Velkommen til Kyrkja

1. søndag i Advent, 30. november 1975:  
Dale Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik.  
Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Res.kap. Steinnes.  
Offer til Menighetsfakultetet.

2. søndag i Advent, 7. desember:  
Stamnes Kyrkje kl. 11.00. Res.kap. Steinnes.  
Offer til Institutt for Kristen oppseding.  
Bergsdalen Kyrkje kl. 11.00. Soknepr. Bjørsvik.  
Offer til Norsk Samemisjon.

Eidslandet Kapell kl. 17.00. Res.kap. Steinnes.  
Kollekt til Søndagsskolen.  
Dale Kyrkje kl. 17.00. Lysmesse. Skuleborn deltek. Andakt ved Sokneprest Bjørsvik.

3. søndag i Advent, 14. desember:  
DOale Kyrkje kl. 11.00. Res.kap. Steinnes.  
Nattverd.

Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik.  
Dale Kyrkje kl. 19.00. Julekonsert Andakt ved sokneprest Bjørsvik.  
Stamnes Kyrkje kl. 17.00. Julekonsert. Andakt ved res.kap. Steinnes.

Laurdag 13. desember:  
Kl. 16.00. Julekonsert i Bergsdalen kyrkje.

4. søndag i Advent, 21. desember:  
Eidslandet Kapell kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik.  
Gudsteneste og Julekonsert.  
Vaksdal Kyrkje kl. 18.00. Julekonsert. Andakt ved res.kap. Steinnes.

Julaftan, 24. desember:  
Dale Kyrkje kl. 15.00 og kl. 16.00. Barnegudsteneste. Sokneprest Bjørsvik. Dale Kyrkjens Songskule.  
Vaksdal Kyrkje kl. 16.00. Barnegudsteneste. Res.kap. Steinnes. Kollekt. Søndagsskolen.

Juledag, 25. desember:  
Dale Kyrkje kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste. Sokneprest Bjørsvik. Dale Mannskor syng. Offer til Menighetsfakultetet.  
Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste. Res.kap. Steinnes. Kyrkjekoret syng. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

2. Juledag, 26. desember:  
Stamnes Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Høgtidsgudsteneste. Offer til Menighetsfakultetet.

Eidslandet Kapell. Høgtidsgudsteneste. Res.kap. Steinnes. Offer til Det Norske Misjssels. Eksingedalen kl. 16.00. Høgtidsgudsteneste. Sokneprest Bjørsvik. Offer til Kirkens Nødh.

HAN KOM TIL SITT EIGE, OG  
HANS EIGNE TOK IKKJE IMOT  
HAN.

MEN ALLE DEI SOM TOK IMOT  
HAN, DEI GAV HAN RETT TIL  
Å VERTA GUDS BORN, DEI  
SOM TRUR PÅ NAMNET HANS.

Søndag mellom Jul og Nyttår, 28. desember:  
Bergsdalen Kyrkje kl. 11.00. Høgtidsbudsteneste. Soknepr. Bjørsvik. Offer til Søndagssk.

Nyttårsaftan, 31. desember:  
Dale Kyrkje kl. 23.00. Midnattsgudsteneste. Sokneprest Bjørsvik.  
Vaksdal Kyrkje kl. 23.00. Midnattsgudsteneste. Res.kap. Steinnes.

Nyttårsdag, 1. januar 1976:  
Stamnes Kyrkje kl. 11.00. Res.kap. Steinnes. Nattverd.  
Nesheim Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

Kristi Openberring, søndag, 4. januar:  
Dale Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik og ein frå Nordhordland Indremisjon. Offer til Nordhordland Indremisjon. Nattverd.  
Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Res.kap. Steinnes og ein frå Nordhordland Indremisjon. Offer til Nordhordland Indremisjon.

1. søndag etter Kristi Openberring, 11. jan.:  
Bergsdalen Kyrkje kl. 11.00. Res.kap. Steinnes. Nattverd.  
Eidslandet Kapell kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

2. søndag etter Kristi Openberring, 18. jan.:  
Dale Kyrkje kl. 11.00. Res.kap. Steinnes.  
Stamnes Kyrkje kl. 11.00. Soknepr. Bjørsvik.  
Vaksdal Kyrkje kl. 18.00. Sokneprest Bjørsvik. Kveldsgudsteneste.

3. søndag etter Kristi Openberring, 25. jan.:  
Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.  
Eksingedalen Kyrkje kl. 11. Res.kap. Steinnes. Nattverd.

Dale Kyrkje kl. 19.00. Orgelkveld. Andakt ved sokneprest Bjørsvik.

4. søndag etter Kristi Openberring, 1. febr.:  
Dale Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik.  
Stamnes Kyrkje kl. 11.00. Res.kap. Steinnes. Nattverd.



**Ekspedisjonstider ved  
våre kontor:**

*DALE, Tlf. 2421*      Frå      Til  
Måndag, Tysdag, Ons-  
dag og Fredag ..    8.30    15.00  
Torsdag .. . . . . 10.00    17.30

*VAKSDAL, Tlf. 3605*  
Tysdag og Fredag    8.30    15.00  
Torsdag .. . . . . 10.00    17.30

*STAMNES, Tlf. 3 a*  
Måndag    frå kl. 9.30 til kl. 14.30

**Bruvik Sparebank**

5280 DALEKVAM, Tlf. 2421

**Stamnes Handelslag**  
STAMNESHELLA

**Dale Handelsforening**  
Dalekvam

**TOMAS UTSKOTIS**  
SKOFORRETNING

**Dalekvam**

RADIOSPECIALEN <sup>A/S</sup>

Tlf. 2240 DALEKVAM

**RADIO - TV**

Reparasjonsverkstad

BØKER — PAPIR — BIBLAR  
SALMEBØKER- SANGBØKER

**EIDE & PETERSEN** <sup>A/S</sup>

Tfn. 2258 DALEKVAM

**K. SEIM**

*Kolonial & Delikatesse*

Tlf. 2323 DALEKVAM

**BRUVIK HANDESLAG**

*Ass. Landhandel og Bakeri*

FILIAL SKAFTÅ

**Stanghelle Handel**

STANGHELLE

**Vaksdal koop. Handelslag**

**VAKSDAL**

Telefon ; Kontor 3712. Snarkjøp 3710.

**Kjøp i Dykkar eigen forretning**